

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
GBNR-193/2, FA-V83  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 18.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
136/21	Utval for areal, plan og miljø	01.09.2021

### **Klage på vedtak om landbruksveg - gbnr 193/2 Mundal Øvre RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/14515, datert 11.11.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

#### **Utval for areal, plan og miljø 01.09.2021:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **APM- 136/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/14515, datert 11.11.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

##### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr. 193/2  
Adresse: Hopsdalsvegen 77  
Tiltakshavar/eigar: Liv Janne Drange  
Klagar: Linda S. Bratland og Robert Bratland

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 20/14515, om løyve til landbruksveg på gbnr. 193/2 Mundal øvre.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

*«Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Liv Janne Drange løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 193/2 Mundal Øvre. - Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast. - Vegen skal byggast som ømsøkt. - Avstand til nabogrense skal vere minimum 4m om ikkje anna er avtalt.*

*Vedtaket er gyldig til 30.11.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2»*

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

### **Klage**

Kommunen har mottatt klage frå naboar over delegert vedtak, sak 20/14515.

### **Klagerett og klagefrist**

Naboar har klagerett som part i saka.

Vedtaket i sak 20/14515 er sendt ut den 12.11.2020.

Nabo som hadde merknad på søknad om landbruksveg tok seinare kontakt og kunne informere om at dei ikkje var orientert om vedtaket. Grunna merknad som ikkje vart teken til følgje ønska dei å klaga. Landbrukskontoret sendte vedtaket til nabo 27.01.2021. Først klage er mottatt 04.02.2021, og landbrukskontoret har gjeven ein frist på 3 veker til å komme med grunngjeven klage.

Klagefristen er 23.02.2021. Klagen er mottatt innan fristen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker. Saka blir behandla i møte 01.09.2021, og blir ikkje handsama innan fristen.

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato. Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt

enkeltvedtak som partene kan klage på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

### Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område i det som i kommunedelens arealdel er definert som arealføremål LNF.

### Kart/foto

Bilete med skildring sendt inn av klagar.


Bilde I

20.2.2021



Her ser du på tross av at det er vinter er det ikke  
vår eidendom. Den orange friben er vår grense.  
Grensefjellene i bakgrunnen er ikke vår lunde. Dyrer  
sine. De tilhører naboen som driver hest selv.  
I tillegg det gjelder er de dere ser her, er kan egentlig  
til ~~plattingen~~, dragsdrift.

Bilde II



hvis  
dette  
er  
vår  
grense  
eller  
en  
fjell.

oversiktsbilde fra plattform vår.

Bilde III



Dele bilde er tatt fra plabingen vår og viser "beite" marken hennes. Denne marken har vært brukt til lufing av vester den har ingen ting å beite på her.

Bilde III



Her er beiset på at veien er tatt i bruk.

Billete sendt inn frå tiltakshavar som viser den del av landbruksvegen som går forbi klagars eigedom gbnr. 193/9.



## Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

- Ønsker ikkje at vegen skal vere langs egedomen grunna innsyn og støy.
- Er bekymra for brønnen og for at vegen skal verte øydelagt av hest, då delar av vegen er ein privat veg. Ser allereie ein betydeleg slitasje der hest krysser vegen.
- Den private del av vegen nyttast og som tursti, noko som ikkje er forenleg med køyring av hest.
- Drifta av garden er ein hobby.
- Utrekning på at vegen skal nyttast til 20 % skogbruk, 40 % landbruk og 40 % hest er feil. Bruken er 100 % hest.
- Landbruksveg som går frå driftsbygning til bunnen av dalen er ikkje til sjenanse og det er gode moglegheiter for lufting av hest og uttak av eventuell skog.
- Det er ingen skog på egedomen som er drivbart, og det er difor ikkje trong for veg til dette.
- Jordbruksområde er enten sprengt vekk, fylt ut eller misleghaldt. Og er difor kun egna for lufting av hest.
- Ein stillar spørsmål med kvifor ein ønsker å bygge veg på areal som kan opparbeidast til beite, om det er så viktig.
- Tiltakshavar har etablert vegen nærare enn 4 meter frå grensa, og den følger ikkje trase som er tegna inn i nabovarsel.
- Vegen er allereie tatt i bruk noko som betyr at den private vegen også er tatt i bruk.
- Det vert vist til sak frå Gulating jordskifteoverrett der klagar viser til at det står at ein må betale om ein velger å nytte seg av vegen.
- Vegen som er bygga nyttast i tillegg til ATV.
- Nytteverdi av landbruksveg til skogbruk og jordbruk er fråverande langs klagars egedom.
- Ved godkjenning av veg legg kommunen til rette for eit konfliktområde.
- Det er ønske om synfaring.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tiltakshavar har sendt inn uttale til klage datert 07.06.2021.

Uttalen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

- Merknader klagar har er av privatrettsleg karakter.
- I tillegg er desse merknadene på eksisterande veg, ikkje omsøkt landbruksveg.
- Når det gjeld avstand til nabogrense er det på det smalaste 3,75 meter. Dette avviket går over ein lengde på 1,5 meter. Resten av vegen ligg i minimum og i aller størst grad meir enn 4 meter frå nabogrense.
- Vegen ligg nærmast som omsøkt, men delar av vegen ligg i bratt terreng der det er gjort mindre tilpasningar i terreng.
- Dei bruksområda som er gjeven i søknad er dei reelle bruksområda for vegen.
- Det vert vist til privatrettslege forhold.
- Tiltakshavar har drift på garden med tilhøyrande rekneskap. Driver blant anna med avl og anna innan hest, og sel kraftfor og grovfor til hest. I tillegg til trening av eigne travhestar. Har eige organisasjonsnr.

- Det vert ikkje meir hestemøk på vegen enn om det hadde vore beita då det vert plukka opp på vegen.
- Vegen er av same kvalitet som heile grusvegen som går frå Hopsdalsvegen opp til gbnr. 193/2 og vidare til gbnr. 193/9. Bruken har vore den same sidan 1999, noko vegen har tålt. Stillar seg difor undrande til kvifor ikkje dei resterande 50 meterene ikkje skal tole det.
- Rindavegen, der den omdiskuterte vegen går er ein tursti som er open for allmen ferdsle, uavhengig av vegrett.

Det vert vist til uttalen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

## VURDERING

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

*«Planlagd veg vil gje betre tilkomst til bratt areal og gje moglegheit for å ta ut skog langs vegen. Vegen vil og gje moglegheiter for trening/lufting av hestar.*

*Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.»*

Klagar visar til at ein ikkje ønsker at vegen skal vere langs eigedomen grunna innsyn og støy. Eigedomen ligg i eit LNF-område der jordbruk, skogbruk og hest er innanfor det ein må forvente i slike områder. Vidare viser ein til at ein er bekymra for brønn og for at vegen skal i verte øydelagt av hest i og med at ein allereie ser betydeleg slitasje der hest kryssar vegen. Det er då den private delen av vegen ein viser til, som og vert nytta til tursti som ein meiner ikkje er forenleg med køyring av hest. Tiltakshavar skriv i si uttale at vegen er av same kvalitet som heile grusvegen som går frå Hopsdalsvegen opp til gbnr. 193/2 og vidare til gbnr. 193/9. Bruken har vore den same sidan 1999, noko vegen har tålt. Skilnaden er at vegen er 50 meter lenger og ein stillar seg difor undrande til kvifor ikkje den siste biten ikkje skal tole det.

Vidare er Rindavegen, der den omdiskuterte vegen går, ein tursti som er open for allmenn ferdsle, uavhengig av vegrett.

Det vert vist til at landbruksveg som går frå driftsbygning til bunnen av dalen ikkje er til sjenanse og det er gode moglegheiter for lufting av hest og uttak av eventuell skog. Kommunen skal vurdere omsøkt tiltak og har funne at det er ei god løysing. Andre alternativ vert difor ikkje vurdert. Klagar viser til at kommunen ved å gje løyve til landbruksveg legg til rette for eit konfliktområde. Landbruksvegen ligg i et LNF-område, noko som må vere pårekneleg bruk innan dette føremålet.

Det vert vist til at vegen er tatt i bruk og at det vert nytta ATV. Det er gjeven løyve til landbruksveg i vegklasse 7

som er rekna som ein traktorveg noko som gjer at vegen skal kunne nyttast til transport heile året unntatt i teleløsningsen.

Klagar skriv i si klage at det er ønske om synfaring. I slutten av juni var Miljø og tilsyn og Landbruk på synfaring på staden. Ein kunne sjå at vegen var nærare enn 4 meter frå grensa eit lite stykke, slik det vert vist til i klagen og i uttale. Tiltakshavar sa at det kunne ho ordne ved å legge på jord slik at vegen kom 4 meter frå grensa. Det vart og vist til at vegen ikkje var bygd som omsøkt, og at bakgrunnen for det var terrenget og tilpassingar kring det. Ein kunne sjå at vegen i all hovudsak var laga fint i terrenget og ser ikkje at det vil vere ein ulempe. Det er vanleg at det kan dukke opp behov for stadlege tilpassingar ved etablering av landbruksveg grunna til dømes terreng. Vidare var det tydeleg at det er usamde blant partane kring vegen. Det vert blant anna vist til sak i Gulating jordskifteoverrett. Partane er ikkje samde om kva bruk som er lovleg. Dette er av privatrettsleg karakter og difor ikkje noko kommunen kan ta stilling til. Det er tydeleg at merknadene ikkje var på heile vegen, men at det gjelder den del av vegen som endar ved klagars fritidsbustad.

Klagar viser til at drifta av garden er ein hobby, og at utrekning på at vegen skal nyttast til 20 % skogbruk, 40 % landbruk og 40 % hest er feil. Bruken er 100 % hest. Bakgrunnen for det er at det ikkje er skog på eigedomen som er drivbart, og at det difor ikkje er trong for veg til dette.

Vidare er jordbruksområde enten sprengt vekk, fylt ut eller misleghaldt, og er difor kun egna for lufting av hest. Dette gjer at nytteverdi av landbruksveg til skogbruk og jordbruk er fråverande langs klagars eigedom.

Tiltakshavar skriv i si uttale at det drift på garden med tilhøyrande rekneskap, og at ein driv blant anna med avl og anna innan hest, og sel kraftfor og grovfor til hest. I tillegg til trening av eigne travhestar. Garden har eige organisasjonsnr. Vidare er dei bruksområda som er gjeven i søknad dei reelle bruksområda for vegen.

Når ein søker om løyve til å etablere landbruksveg og nytta skal vere skog betyr det ikkje at det må vere skog å ta ut på søknadstidspunktet. Det kan hende at ein til dømes skal plante ut skog som ein må ta ut lengre fram i tid. Etablering av landbruksveg er også eit økonomispørsmål der ein investerar for seinare satsingar, og må gjere det når ein har moglegheita.

Det er rådmannen si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår rådmannen til at klagen ikkje vert tatt til følge.

### **Aktuelt regelverk**

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunnjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av

vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

#### Vedlegg i saken:

23.06.2021	Uttale frå tiltakshavar til klage - gbnr 193/2 Mundal Øvre	1579294
23.06.2021	Uttale klage landbruksveg gbnr 1932	1579295
23.06.2021	Vedlegg 3 - Bratland - Drange - bruk av vei m.m.[24]	1579296
23.06.2021	vedlegg 2- bilder vegtrasé v gbnr. 1939	1579297
23.06.2021	vedlegg 1 - godkjenning bygging av landbruksveg	1579298
18.03.2021	Klage på godkjenning av landbruksvei gbnr - 193/2 Mundal Øvre	1530128
18.03.2021	Bilde	1530129
18.03.2021	Bilde	1530130
18.03.2021	Bilde	1530131
18.03.2021	Bilde	1530132
18.03.2021	Bilde	1530133
18.03.2021	Bilde	1530134
18.03.2021	Bilde	1530135
23.02.2021	Klage på søknad om landbruksveg - gbnr 193/2 Mundal øvre	1516159
23.02.2021	bilder	1516160
11.02.2021	Førebels klage landbruksveg - gbnr 193/2 Mundal øvre	1510331
27.01.2021	Tilbakemelding frå landbruksavdelinga som gjeldt landbruksveg på gbnr 193/2 Mundal øvre	1504146
12.11.2020	Landbrukssak gbnr 1932 Mundal Øvre - Svar på søknad om bygging av landbruksveg	1471372
29.09.2020	Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 193/2 - Mundal Øvre	1452392
21.08.2020	Søknad om løyve til bygging av landbruksveg - gbnr 193/2 Mundal øvre	1434019
21.08.2020	kart	1434020
21.08.2020	merknad til søknad om opparbeiding av landbruksveg	1434022
21.08.2020	kommentar til merkander	1434032